

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **22. februar 2017** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Nils Terje Oma.

MØTESTAD:	Vindafjord Rådhus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.15 – kl. 17.00
MØTANDE MEDLEMER:	Nils Terje Oma (Ap), Marit Aga Hustvedt (Ap) Gunn Haraldseid (H), og Johannes Vestbø (Sp)
FORFALL:	Kristian Haraldson Ressel (BBL)- kort varsel
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Anne T. S. Andersen (H) frå sak 2
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS i sak 1 og 2
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Kristian Birkeland i sak 3 og 4, einingsleiar barnevern Dan Jørgen Eide i sak 3 og økonomisjef Ove Eidsheim i sak 4
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Ole Johan Vierdal
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.11.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 16.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet:

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.02.17:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 16.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.02.17

1. Statusrapport pr. februar 2017
2. Interimsrevisjon – Revisjonsrapport nr. 1 frå Deloitte AS, dagsett 16.01.17
3. Tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap – rapport frå Fylkesmannen i Rogaland
4. «Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø» ved Ølen og Vikedal skule – utdrag av tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Rogaland
5. Informasjon om statlige tilsyn med kommunane i Rogaland 2017
6. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes – oppsummering/evaluering
7. Rapport frå NKRF-konferansen – oppsummering/evaluering
8. Årsrapport 2016 - skatteoppkrevjaren i Vindafjord kommune
9. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 16.12.16
10. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 01.12.16
11. «Travle kontrollutvalg» – Kommunal rapport 26.01.17
12. Nye maler for normalberetninger 2016 – Informasjonsskriv 8/2016 frå NKRF

Handsaming i kontrollutvalet:

Sekretær gjorde greie for referatsakene.

Revisor kommenterte rapporten frå interimsrevisjonen. Ho gav ei kort løypemelding frå arbeidet med revisjonsprosjektet om «Samhandlingsreforma», som var godt i gang. Revisjonen av årsrekneskapen for 2016 var starta opp.

Ordføraren kommenterte kort tilsynsrapportane frå fylkesmannen. Han var kjent med, og meinte det blei arbeid godt med skulemiljøet i Ølen og Vikedal.

Leiar fortalte frå konferansen i Sandnes. Foredraga om varsling og korrupsjon hadde vore særskilt interessante. Han fortalte også frå ein god og lærerik konferanse i regi av NKRF på Gardermoen. All informasjon til deltakarane hadde vore elektronisk, unntatt eit lite kort med namn og program. Tidligere fylkesmann Tora Aasland opna konferansen. Ho viste mellom anna eit bilde av biskopane i Ølen kyrkje, som en kommentar til pågåande kommunereform. Det hadde vore mange interessante tema, mellom anna om varslings sak i Tromsø og korrupsjons saka i Drammen kommune.

Rådmannen svara bekräftande på spørsmål om kommunen hadde reglement for varsling. Medlemmene bad om å få dette tilsendt.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til dei andre referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.02.17:

Referatsaker 1 – 12 blir tatt til orientering.

SAK 03/17 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONS- RAPPORT –«BARNEVERNET» - 2. GANGS HANDSAMING

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Barnevernet» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet:

Leiar innleia. Han refererte kort frå handsaminga i førre møte.

Rådmannen og einingsleiar for barnevernet orienterte og svara på spørsmål. Dei opplyste at eininga framleis hadde mange og ulike oppgåver å ta tak i. Mykje var blitt betre sidan ROS-analysen frå 2015. Den hadde vore ein del av grunnlaget for forvaltningsrevisjonsrapporten.

Einingsleiaren meinte dei allereie hadde fått på plass ein del forbetringar. Ny leiar og fagleiar var på plass. Sakshandsamarane hadde ikkje fleire saker enn dei kunne handtere, og følte større grad av meistring. Sjukefråværet hadde blitt lågare.

Samarbeidet med fylkesmannen var godt og dei arbeidde med å lukke avvik frå tilsynsrapporten i 2014. Ei planlagt evaluering av det interkommunale samarbeidet vil bli skjøve noko ut i tid, for å sikre at meir presserande oppgåver blir tatt hand om no.

Det vil ikkje bli utarbeidd ein ny ROS-analyse no, men eininga vil bruke andre verktøy for å sikre at rett tiltak blir satt inn framover.

Ordføraren supplerte opplysningane og gav einingsleiaren skryt for det arbeidet han allereie hadde fått til.

Utvalseiar takka for ei grundig tilbakemelding.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.02.17 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Barnevernet» til orientering.

SAK 04/17 ORIENTERING OM VEDTATT BUDJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar rådmannen si orientering om vedtatt budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet:

Rådmannen, supplert av økonomisjefen, gjorde greie for framlegget til budsjett for 2017 og økonomiplanen. Han brukte ein forkorta versjon av presentasjonen frå 1. november 2016, då framlegget var blitt lagt fram. Utvalet blei invitert til å delta på den årlege presentasjonen, som finn stad rundt 1. november kvart år.

Budsjettet var stramt og det var framlegg om ulike alternativ for innsparingar. Han gjorde mellom anna greie for dei økonomiske forutsetningane, dei frie inntektene, satsingsområder, dei store investeringane i perioden, lånegjelda og taksheftet. Rådmannen svara på spørsmål om mellom anna sparing innan helse- og sosial og integreringstilskot.

Budsjettet var, etter politisk handsaming, blitt vedtatt med nokre mindre justeringar.

Ordføreren kommenterte budsjettvedtaket. Han peika mellom annan på at dei hadde forsøkt å skjerma førebyggjande arbeid, men at det ikkje heilt hadde latt seg gjera. Det hadde vert ein krevjande prosess å koma i mål.

Rådmannen kommenterte kort årsrekneskapen for 2016. Resultatet viste eit overskot på totalt 3,3 mill. Det var betre enn forventa. Årsaka var god budsjettdisiplin og god avkastning på verdipapira.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.02.17:

Vindafjord kontrollutval tar rådmannen si orientering om vedtatt budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 til orientering.

SAK 05/17 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2016 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2016 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet:

Leiar orienterte. Ordførar opplyste at Kristian H. Risset er varamedlem til kommunestyret, og ikkje fast medlem slik det var skreve.

Utvalet slutta seg elles til innhaldet, slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.02.17:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2016, med korrigering om at Risset er varamedlem til kommunestyret.

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2016 frå kontrollutvalet til orientering.

EVENTUELT:

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 03.05.17, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 22.02.17

Nils Terje Oma
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær